

NVE - konsesjonsavdelinga
Boks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.:
09-12-JON

Dykkar ref.:
NVE 200805993-2 kv/jaso

Dato:
29.06.09

Saksbehandlar: Arnodd Håpnes, tlf.: 23 10 96 13, e-post: ah@naturvern.no

Melding om utbyggingsplanar i Indre og Ytre Offerdalselvi, Årdal i Sogn og Fjordane - SRNs høyringsvar

Vi viser til Offerdal Kraftverk AS si melding om bygging av kraftverk i Indre og Ytre Offerdal, sendt på høring 02.02. med svarfrist 05.05. SRN takker for at vi har fått forlenga frist til slutten av mai. Sjølv om vi av ulike årsaker ikkje heilt klarte å halde den, håper vi at vårt innspel kan følgje saka vidare på lik linje med andre høyringsvar.

SRN går sterkt mot planane om kraftutbygging i Indre og Ytre Offerdalselvi, og meiner begge elvene bør inn i verneplanen for vassdrag.

Bakgrunn

Indre og Ytre Offerdalselvi vart vurdert i samband med supplering av verneplan for vassdrag i 2005. Styringsgruppa for vernearbeidet gikk inn for vern av av begge vassdraga, grunngitt bl.a. med urørtheit, del av samanhengande villmarksområde og stor verdi for friluftsliv. Men NVE gikk i si tilråding mot vern, og dette støtta OED utan å grunngi det.

SRN vil med styrke hevde at dei to vassdragas verneverdi er større i dag fordi urørtheit, inngrepsfrie område og intakte vassdrag er i ferd med å bli mangelvare, og det er eit nasjonalt mål å sikre slike område.

Merknader til meldinga

Generelt

På nytt opplever vi at det blir fremja eit omfattande vasskraftprosjekt i intakte og nesten heilt urørte elver. Særlig Ytre Offerdalselvi, der 97% av nedbørfeltet er inngrepsfritt, dvs. utan tekniske inngrep, er unikt. Indre Offerdalselvi har også store kvalitetar, med bl.a. eit sjeldant kulturmiljø frå nyare tid ved utløpet. Også her er ca. 70% av nedbørfeltet utan inngrep. Saman utgjer dei to vassdraga eit stort og viktig villmarksområde, ein del av Vest-Jotunheimen villreinområde og areal som er mye brukt til friluftsliv, bl.a. som utgangspunkt for turar.

Kap. 2 og 6

Utbyggar hevder at realisering av prosjektet vil gi eit positivt bidrag til kraftbalansen lokalt og nasjonalt. Det er ingen tvil om at all ny kraftproduksjon vil bidra, men faktum er at det er eit svært stort kraftoverskot i Sogn og Fjordane, så stort at nettkapasiteten langt fra er god nok til å frakte overskotskrafta ut av fylket. Også nasjonalt er kraftsituasjonen god, og vi eksporterer mange TWh kvart år.

Tiltakshavar hevder vidare at utbygging vil gi auka lokal verdiskaping og styrke busettinga i Indre Offerdal. Dette er ein udokumentert påstand. At kraftutbygging kan gi grunneigarane gode ekstraintekter kan heller vere eit argument for å flytte frå staden fordi eigedommen gir så god avkastning at det ikkje er verd innsatsen og strevet å drive jorda for marginalt utbytte.

Tiltaket vil gi tekniske inngrep i eit område som i praksis er urørt. Inntaksdam i begge elvene blir 10 m høg og 25-30 m lang. Det blir deponert 150.000 m³ tunnelmasse, bygd 2 km nye vegar og kraftstasjonane skal koblast til eksisterande nett via ei ny, 9 km lang 132 kV-linje over Årdalsfjorden. Det siste blir eit gigantinngrep. I tillegg blir nesten 8 km med elvestrekning nærmast tørrlagt. Dette inkluderer flotte fosse- og strykparti, bl.a. den mektige Kleiva-fossen i Indre Offerdalselvi. INON-arealet (inngrepsfri natur) blir redusert med heile 8,5 km².

Utbygginga vil påverke friluftslivet negativt pga. at tekniske inngrep og sterkt redusert vassføring forringer naturopplevinga og vissa om å vere i urørt natur. At det er få slike inngrepsfrie område att i Sogn og Fjordane auker verdien av området i Offerdal. Også det biologiske mangfaldet blir redusert ved utbygging; det gjeld både fugleartar som kan kollidere med kraftlinjer, flora og fauna som er avhengige av rennande vatn og artar - særlig lav, sopp, mose - knytt til fosserøyksoner.

Også anlegget "Ne' fø sjøen" som er nært knytt til vassdraget, vil miste mye av sin verdi med tørrlegging av elva. Dette er eit sjeldant kulturminne frå overgangstida mellom bondesamfunn og industrisamfunn. Dei ti husa gir eit rett bilde av bygningsmiljøet frå den tida staden var arbeidsplass for mange menneske og heim for husbonden og hans familie, tenestefolk og kårfolk.

På anlegget finn ein mellom anna mølle og sagbruk med oppgangssag som var i drift til inn på 1900-talet. Vasskrafta vart utnytta til å drive mølla og sagbruket, og ein finn eit velutstyrt gammalt postkontor, sjøbu, telegrafsentral med meir. Etter avtale byr anlegget og på ølbrygging, smedarbeid, garnfarging så vel som fjordfiske.

Kap. 8

Forslaget til utgreiingsprogram er etter SRNs vurdering bra for dei fleste fagfelt. På generelt grunnlag er det viktig at ein ikkje baserer seg berre på eksisterande og til dels gammal kunnskap, men gjennomfører ny kartlegging/undersøking i felt.

Det er sær viktig å skaffe data på biologisk mangfald, friluftsliv (dagens og framtidig/potensiell bruk), landskap (klassifisering etter eit nasjonalt referansesystem, f.eks. NIJOS) og kulturminne, og samtidig få fram konsekvensane ved ei utbygging for desse fagfelte. Også vassstemperatur/isforhold må undersøkast grundig fordi høg temperatur kombinert med lita vassføring kan gi endringar.

Ved denne typen konsekvensutgreiingar er det sær viktig å vurdere alternative utbyggingsløysingar. SRN slutter seg her til den grundige gjennomgangen av alternativ som Sogn og Fjordane Turlag har gjort i sitt høringssvar. Heilt vesentlig er det å greie ut eit alternativ som avgrensar effekten til 20 MW slik at ein kan klare seg med ei 22 kV-linje. Da kan ein utan for store kostnader vurdere kabling av kraftlinja og unngå den store konflikten knytt til

luftspenn over Årdalsfjorden. Dette kan ein oppnå ved å sløyfe Ytre Offerdal kraftverk. Da unngår ein også det meste av reduksjonen av INON-areal.


Eit anna alternativ som må undersøkast, er å flytte kraftverket i Indre Offerdalselvi oppstrøms Kleivafossen. Da sparer ein det viktigaste landskaps- og opplevingselementet, og unngår konflikt med ei viktig fosserøysone.

Til slutt vil SRN peke på sumeffekten av mange utbyggingar i eit område. Det er nå eit svært stort utbyggingspress i Sogn og Fjordane generelt og i Sogn/Sognefjorden spesielt. Dette gjeld både vindkraft, småkraft, større kraftverk og kraftlinjer. Dei samla negative konsekvensane av alt dette er særskild viktig å få vurdert.

Konklusjon

SRN går sterkt mot planane om kraftutbygging i Indre og Ytre Offerdalselvi, og meiner begge elvene bør inn i verneplanen for vassdrag. Vi vil særleg framheve den urørte vassdragsnaturen, bruken og potensialet for friluftsliv, landskaps- og kulturkvalitetane, men også artar knytt til rennande vatn og fosserøysoner. Det er likevel viktig å få greidd ut mindre omfattande utbyggingsløyser, som kan bidra til å få kraftlinja som skal krysse Årdalsfjorden i kabel og som kan spare Kleivafossen. Sumeffekten av mange utbyggingar i regionen må og vurderast.

Med vennlig helsing



Arnodd Håpnes
SRN-sekretær